

## Notat

---

Til: Hans-Christian Engum  
Frå: Tore Slønning

---

Referanse  
2014/1299-4

Dato  
11.02.2014

### Kommunedelplan - E 134 - Bakka - Solheim i Etne og Vindafjord - Kulturminnegravleg innspel

Hordaland fylkeskommune, Kultur- og idrettsavdelinga, har vurdert saka som regional sektorstyresmakt innan kulturminnevern. Hordaland fylkeskommune har eit særleg ansvar for å ivareta kulturminneinteressene, og tiltaka sin verknad på kulturminne og kulturmiljø skal avklarast og vurderast med tanke på verneverdi. I tillegg til forminne og bygningar/bygningsmiljø, gjeld dette også steingardar, gamle ferdselsårer, utmarksminne, tekniske kulturminne og kulturlandskap.

Planprogrammet har fleire gode punkt om kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap, og etter å ha fylgt planarbeidet i den eksterne samarbeidsgruppa, er vi nøgd med prosessen så langt. Vi er også einige i defineringa av dei tre områda i Etne med kulturminne og kulturmiljø av høg verdi (jf. s. 20 i planprogrammet). Elles er potensialet for funn av hittil ukjende forhistoriske kulturminne i marka generelt høgt i Etne.

I vår dialog med Statens vegvesen, har vi vist til at trasealternativa som ligg nærast opp til eksisterande E134 har minst potensiale for konflikt med kulturminne, men i eit så rikt område må ein uansett ta høgde for mogelege funn av uregistrerte kulturminne. Saman med vegvesenet sine konsulentar Line Grindkåsa og Arnulf Østerdal, har vi diskutert nytta av ei meir detaljert vurdering av potensiale knytt til dei ulike områda i trasealternativa. Ved grundige synfaringar/overflateregistreringar kan eventuelle større konfliktar bli rydda av vegen i samband med høgare plannivå (kommunedelplan), slik at den påfølgande reguleringsplanprosessen går lettast mogeleg. Forslaget til Statens vegvesen som no ligg føre, er at dette arbeidet fell inn under konsekvensutgreiinga, og at registreringar i regi av regional kulturminnemynde blir utført i samband med handhevinga av undersøkingsplikta (jf. kml. § 9) knytt til dei einskilde reguleringsplanane.

I samband med konsekvensutgreiinga må difor konfliktgraden mellom tiltak og kulturminne, både automatisk freda kulturminne, kulturminne frå nyare tid og kulturlandskap, gå klart fram. Verneverdien av dei ulike kulturminna bør drøftast i konsekvensutgreiinga, og det bør gjerast greie for korleis ein kan ta vare på dei som er verdifulle og eventuelt foreslå avbøtande tiltak. Vi gjer merksam på at planane må reviderast, eller eventuelt leggjast fram for Riksantikvaren som dispensasjonsmynde, dersom det viser seg at tiltak kjem i konflikt med automatisk freda kulturminne.

Når det gjeld nyare tids kulturminne er det viktig at ikkje berre kjende bygningar/bygningsmiljø som går fram av registra blir omtalt, men også andre synlege kulturminne som ikkje er registrert. Erfaringsmessig vil dette innebere kartfesting av steingardar, gamle ferdselsårer, utmarksminne, tekniske kulturminne og

kulturlandskap. Til slik kartfesting ute i terrenget, og især vurderinga av potensialet for funn av ukjende automatisk freda kulturminne i marka, er det naudsynt med arkeologifagleg kompetanse. Dette bør vere ein føresetnad for utgreiinga av tema om kulturminne. Kulturlandskap er eit emne det er viktig å sette fokus på, anten som del av tema om landskapsbilde og opplevingsverdi, eller som del av tema om kulturminne og kulturmiljø (jf. punkt 4.4 og 4.7 i planprogrammet). Vi er såleis nøgd med at vidare utgreiing skal inkludere både dei natur- og kulturhistoriske dimensjonane ved landskapet.

Med helsing

Tore Slinning  
spesialrådgiver | arkeolog